

Protokoll for fastsetjing av eigedomstakstar

Den 26. februar 2018 vart det helde møte i takstnemnda som er oppnemnd av kommunestyret i Gloppen kommune for å vedta taksering av dei skattepliktige eigedomane i kommunen. Til behandling låg det føre fastsetjing av eigedomsskattetakstar for dei eigedomane som er ført opp på vedlagde lister.

Nemnda legg til grunn at skattetaksten for den enkelte eigedom er fastsett i samsvar med Eigedomsskattelova § 8 A-2. Verdet:

«(1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.»

Takstnemnda har fastsett taksten på grunnlag av ein samansett prosess, som mellom anna inneheld følgjande:

- Analyse over verdi og verdistigning på eigedomar i Gloppen og ulikskapar innafor skatteområdet. Analysen støttar seg til statistikk over kjende omsetningstal
- Innhenting av faktainformasjon om bygningane og tomtestorleik. Arbeidet har teke utgangspunkt i registrerte opplysningar i Matrikkelen og målingar gjort i samband med synfaring av eigedomane. Faktainformasjonen vert kvalitetssikra ved at den vert sendt kvar enkelt heimelshavar saman med melding om takst og skatt
- Synfaring av kvar enkelt eigedomer utført av innleigd firma. Synfaringsmennene har vurdert konkrete forhold på og rundt den enkelte eigedom, som kan virke inn på eigedomen sin marknadsverdi
- Utarbeiding av synfaringsmenneses takstforslag
- Analyse, samanligning og kontroll av takstforslaga

Det vart fatta slikt

vedtak:


Taksten for dei eigedomane som er ført opp på vedlagte lister vert fastsett til den verdien som går fram av listene.


Vedtaket er samrøystes.

Protokollen er opplesen og vedteken.

Den sakkyndige nemnda for taksering av skattepliktige eigedomar i Gloppen kommune.

Sandane, den 26. februar 2018.


Liss Bergum
(leiar)


Christine Aagård Midthjell


Bjarte Heggheim